

## Bevar akuttmedisinsk naudsentral i Sogn og Fjordane!

Uttale frå fylkesårsmøtet i Landsforeingen for hjerte- og lungesyke (LHL) Sogn og Fjordane

Helse Førde har nyleg bygt ein ny akuttmedisinsk naudsentral til 160 millionar kroner i tilknytning til Sentralsjukehuset i Førde. Denne tenesta fungerer godt for innbyggjarane i Sogn og Fjordane, og LHL i fylket ser med uro på at sentrale styresmakter ivrar etter å sentralisere naudsentralane i ei større eining i Bergen.

For innbyggjarane er det viktig å vita at ein har ein velfungerande naudsentral der operatørane også har geografisk lokalkunnskap. For hjarte- og lungesjuka vil tid ofte vere ein avgjerande faktor. Ved å flytta sentralen er LHL Sogn og Fjordane redd for at fordelane ein har i dag med folk sin lokalkunnskap vil forsvinna, og då kan det vera fare for at verdfull tid kan gå tapt når pasientar treng øyeblikkeleg hjelp.

Den sentralen som Helse Førde har bygd opp, er med på å gje dei ulike kommunane i fylket ein veldig god beredskap og LHL krev at det også vert slik framover.

LHL ser ikkje at alt som vert stort treng bli så mykje betre, enn det ein har som eit velfungerande system i dag.